



Referat

Rådmannsgruppa i Sogn regionråd

Møtenummer: 1/19
Møtetid: 29.1.2019 kl 0930-1400
Stad: Sogndal kommunehus
Møteleiar: Jarle Skartun
Referent: Karina Nerland

AGENDA

Faste deltakarar
Namn
Oddbjørn Ese (Vik), Olve Fossedal (Årdal), Arne Johansen (Lærdal), Odd Arve Rakstad (Leikanger), Jarle Skartun (Luster), Steinar Søggaard (Aurland), Jostein Aanestad (Sogndal)
Forfall
Kjellaug Brekklus (Høyanger), Svein Arne Skuggen Hoff (Balestrand.)
Andre
Arnvid Hovland, ass. rådmann Høyanger Stig Arne Thune, prosjektrådmann nye Sogndal (NSK) - til kl 13 Karina Nerland, dagleg leiar
Helge Ulvestad, konsulent Kristin Ruudsveen, NVIO Sogn Tor Arne Ness, Bjarte Ramstad og Marianne Jevnaker, Vitensenteret.

Nr	Sakliste	Ansvarleg
1	Godkjenning av innkalling og sakliste	
2	Referat frå siste møte, 26.11.2018. Ingen kommentarar eller spørsmål.	
3	Samarbeid om kommunepsykolog Rapporten var utsendt til møte. Helge Ulvestad har vore med som fagleg/sekretærressurs og orienterte om rapporten. Tilrådinga frå arbeidsgruppa er tilsetjing i kommunane og samarbeide regionalt i eit fora for kollegastøtte og rettleiing. Arbeidsgruppe ønskjer ei satsing. Kommunane må førebu seg godt til å ta imot psykolog, og rapporten foreslår vidare arbeid. Det vart teke ein runde med tilbakemeldingar frå rådmennene. Rapporten er grundig og god. Ulike vurderingar om tilsetjing bør vera for kvar kommune eller samla. Felles arbeidsgjevar kan gjera det lettare å rekruttera og behalda psykologar. Tilsetjing i kvar kommune kan vera meir utfordrande for å rekruttera og behalda psykologar. Nettverk er viktig, men løyser truleg ikkje behovet for fagmiljø fullt ut. Alternativ med	

	<p>tilsetjing hos ein arbeidsgjevar og at psykologane får ulike tenestestader og moglegheit for ambulering, kan vere eit alternativ å vurdere.</p> <p>Tilrådinga frå arbeidsgruppe omfattar utlysing av stillingar som alt er besett og ikkje skal lysast ut, dette vert justert i rapporten.</p> <p>Tidslinja bør forlengast for å rekka politisk handsaming.</p> <p>Høyanger vurderer å gå mot Førde, men interessant å sjå kva samarbeidsmodell som blir i Sogn.</p> <p>Konklusjon: Rådmannsgruppa tilrår organisering i samsvar med rapporten med felles utlysing. Tilsetjing i ÅLA, i nye Sogndal og i Høyanger. Vik gjer ei vurdering om behovet er meir enn foreslått i rapporten. Det blir laga felles søknad innan fristen 10. februar.</p> <p>Politisk handsaming av det prinsipielle innan 1.5. og avklaring i samband med revidert budsjett i juni.</p> <p>Det bør lagast forslag til felles saksframlegg og stillingsomtale.</p> <p>Kommunane går ilag om koordinatorfunksjonen og søker om skjønnsmidlar (frist 1.3.2019)</p> <p>Det blir evaluering av samarbeidsmodell etter eitt eller to år.</p>	<p>Alle</p> <p>Karina</p> <p>Alle</p> <p>Leiar arb.grp og Ulvestad</p> <p>Karina</p> <p>Alle</p>
4	<p>Tilsyn arbeidsgjevarkontroll.</p> <p>Saka har vore drøfta på dei siste møta. Lærdal kommune v/rådmann har ført i pennen ei oppfølging på saka, inkl utkast/skisse for politisk handsaming i deltakarkommunane og dokumenta var utsendt til møtet. Nye Sogndal kommune var bekymra for at overtalligheit ville gjere det vanskeleg å vera med på avtalen. Etter ny vurdering i leiargruppa i NSK er dei med på avtalen, men ønskjer eitt år oppseiingstid.</p> <p>Tidslinja er for knapp. Dei fleste kommunane har kommunestyremøte i april og fellesnemnda har møte i april og kan handsama saka då. Tidspunkt for oppstart: 1.9.2019.</p> <p>Rådmannen i Årdal vil tilrå å vedta ordninga.</p> <p>Det kom innspel om at Lærdal ser på fordelingsnøkkel i ny avtale.</p>	<p>Alle</p> <p>Arne</p>
5	<p>Veteranarbeidet</p> <p>Regionrådet har bedd om at saka blir fulgt opp og ønskjer utarbeidd plan og utpeiking av kontaktpersonar. Saka var drøfta i rådmannsmøtet 5.11.</p> <p>Notatet frå NVIO Sogn var utsendt til møtet. Kristin Ruudsveen orienterte om korleis gjennomføre planarbeidet og kommunal veterankontakt sine oppgåver. NVIO Sogn kan ikkje lage plan, men dei kan vera med i arbeidet. Planarbeidet inneber 2-3 samlingar med kontaktperson frå kvar kommune der NVIO kan vera med. Treng prosjektleiar, gjerne frå den største kommunen.</p> <p>Konklusjon: Nye Sogndal kommune kan gjera planarbeidet. Kvar kommune finn ein veterankontakt.</p>	<p>Stig Arne</p> <p>Alle</p>

6	<p>Fornyng og innovasjon i offentleg sektor. Jf tidlegare ordning med prosjektmidlar frå fylkesmannen. Det nye no er at regionråda vert direkte utfordra på å vurdere og prioritere. Jf brev til kommunane av 04.12. Regionale prosjekt bør prioriterast som koordineringsfunksjonen for psykologsamarbeidet. Andre område som vart nemnt: Skog og landbruksforvaltning, felles kompetansestrategi, velferdsteknologi, statlege arbeidsplassar, digitalisering /digitaliseringsstrategi, innkjøpsteneste. NSK kjem tilbake med sak om innkjøp i neste møte.</p>	
7	<p>Val av leiar i rådmannsgruppa. Jarle held fram som leiar og Jostein som nestleiar.</p>	
8	<p>Vitensenteret Jf tidlegare og informasjon/utfordring gitt på SR sitt møte 07.12.18. Orientering i møtet, jf presentasjon.</p> <p>Har gode skular i Sogn, men nye fagplanar om m.a. at naturfag skal vera meir utforskande. Vitensenteret kan vera ein bærebjelke i tillegg til det som alt er utvikla i programmet for System for styrka læring.</p> <p>SR handsamar saka i sitt møte 13.02. og kan gje tilråding. Budsjettvedtaka må kommunestyra gjera. Område som bør bli nærare utgreidd er skyss-spørsmålet og kva som framgår av nye fagplanar. Søknad til kvar kommune og hjelp til ei felles saksutgreiing frå Vitensenteret, (Jan Øhlckers?).</p>	
9	<p>Dei interkommunale samarbeida i 2019. Jf at avtalar er sagt opp, samt prosessar om å justere selskapsavtalar og samarbeid.</p> <ul style="list-style-type: none"> -Selskapsavtalar, vedtak om kommunevis handsaming. -SIMAS, jf at det er tillyst ekstra rep.møte 13.02. -SBR -Revisjon <p>Avtalar som er sagt opp: Fellesnemnda hadde ei sak før jul, og vedtok oppseiing av avtaler. Reforhandlingar av avtalen. Nokre er formalitetar andre med realitetar. Omfattande arbeid som må gjennomførast i løpet av våren. Tema i neste møte</p>	
10	<p>Utvikling av det interkommunale samarbeidet etter kommunevalet. Sak 9 og 10 er aktuelle som tema på neste møte</p>	
11	<p>Aktuelle saker i kommunane; Kommunerunde – utveksling av aktuelle saker i kommunane</p>	
12	<p>Referatsaker.</p> <ul style="list-style-type: none"> -KS – uttale til debatthefte. (er sendt) -NAV- å rigge prosjektarbeidet tek lengre tid enn føresett, tilsetjing av prosjektleiar pågår. NAV kjem til neste møte. -Søknader om støtte til finansiering; Ultralyd Lærdal og Sjøredningsbase Leikanger – status i kommunane er noko varierende. -Munikum.no – er prosjekt om «deling av informasjon mellom kommunar». Vert ikkje prioritert no. -Samarbeid om førebyggjande helse, jf innspel frå Arne. Florø blir kontakta for å informere til neste møte. 	

	<p>-Dialysetilbodet i Sogn – innspel om reetablering av tilbod i Sogndal. Mange pasientar samla sett på nordsida – 1-2 dialysemaskinar slik at spesielt eldre kan få mindre reise. Meir relevant enn dette er å sjå heimedialyse opp mot telemedisin og etablere det som eit tilbod.</p> <p>GIS- Høyanger ønskjer å knytte seg til GIS- ordninga</p> <p>NVR: (næringsvenleg region.) Skal ha møte om kort tid – prøver å få med kr 400 000 til forprosjekt frå IN. Må sjå på bestillinga kva skal utgreiast som alternativ til eit selskap.</p> <p>Psykiatri: Det blir etablert 18 plassar innan psykiatri og rus. Dekker behov i Aurland, Lærdal, Hemsedal og Gol.</p>	
13	<p>Neste møte 2.04. Aktuelt med lunsj-til-lunsj møte 1.-2.4.</p> <p>Seminar om integrering av innvandrarar: 11. mars</p>	